

Kunnskapsdepartementet
v/ statsråd Kari Nessa Nordtun

Kunnskapsdepartementet
v/statsråd Oddmund Hoel

Kultur- og likestillingsdepartementet
v/statsråd Lubna Jaffery

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
v/statsråd Karianne Oldernes Tung

Kopi til:

Noreg Mållag
v/ leiar Peder Lofnes Hauge

Bergen, 19. november 2024

Digital diskriminering

Behov for politiske vedtak

Nynorsk blir diskriminert i digitale omsetjingsprogram og retteprogram, sjå nedanfor.

For å få bukt med denne uretten, må det fattast **politiske vedtak** som er **klare og effektive**: I den nye opplæringslova (§15,4) blir det sagt at skular berre kan kjøpe og bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving. På same måte må det inn **eit lovkrav om digitale omsetjingsprogram og retteprogram**. Dei må omfatte **bokmål og nynorsk**, ha **same kvalitet**, ligge føre til **same tid** og **same pris**, og vere **i samsvar med offisiell norsk rettskriving**.

Det må samtidig fattast klare politiske vedtak om at brott på språklova, som fastset vilkåra for bruk av bokmål og nynorsk i offentlege institusjonar, fører til **lovpålagde sanksjonar**. Rettslege lover som ved brott ikkje fører til rettslege sanksjonar, er ein anomali; det inneber ei utvisking av skiljet mellom rettslege lover og moralske normer, eit skilje som er konstitutivt for liberale rettsstatlege demokrati.

Eit eksempel: *Google Translation* og nynorsken

Ved bruk av *Google Translation* kan vi (etter siste oppteljing) omsetje, att og fram, mellom 249 språk. I 2021 var det 93 språk. I 2023, 133. I dag, november 2024, er det utvida til nær eit kvart-tusen språk.

Her inngår mellom anna nord-samisk og færøysk, maltesisk, skotsk gælisk, luxemburgsk (der også fransk og tysk er offisielle språk), nederlandsk, men også frisisk og afrikaans, i tillegg til limburgsk (tysk-nederlandsk dialekt), fem italienske språk (det offisielle nasjonalspråket, pluss venetiansk, siciliansk, lombardisk og korsikansk), seks franske (det offisielle nasjonalspråket i Frankrike, canadisk fransk, pluss haitisk kreolsk, mauritisk kreolsk, kreolsk for Seychellane, og oksitansk), forutan latin og esperanto, og mange fleire.

Kort sagt, eit mangfald av språk, mange er ikkje nasjonalspråk, mange med få brukarar, og ikkje mange som kan vise til ein Nobelpris i litteratur.

Men ikkje nasjonalspråket nynorsk. Ikkje Nobelpris-språket nynorsk.

Kvifor?

I lys av offisiell norsk språkpolitikk er dette fullstendig uakseptabelt.

Motargumentet, frå Google, om at det allereie finst eit nynorsk-opplegg i tråd med krava i den nye opplæringslova om skriveprogram med nynorsk stavekontroll, på '*Google for Education*', er irrelevant i denne samanhengen – av to grunnar:

1. Dersom det allereie finst eit omsetjingsopplegg for nynorsk på '*Google for Education*', eit program som fungerer på lik linje med det allmenne omsetjingsopplegget som gjeld for dei nemnde 249 språka, så er dét tvert om eit argument for at det vil vere *ei smal sak*, for Google, å få på plass eit omsetjingsopplegg for nynorsk *også i det allmenne opplegget*, på lik linje med desse 249 språka.
2. Dessutan har Google *eit forklaringsproblem*, når denne *særordninga* - eit opplegg i '*Google for Education*', men ikkje i det allmenne omsetjaropplegget - gjeld *spesielt for nynorsk*, og *ikkje* for andre av dei 249 språka som inngår i det allmenne opplegget, slik som nord-samisk og færøysk: *Kva er grunnen til denne negative forskjellsbehandlinga av nynorsken?*

Info:

På Google kan ein **ikkje omsetje** frå andre språk **til nynorsk**. Men i somme tilfelle kan ein omsetje **frå** nynorsk ('norsk') til andre språk, men ikkje konsekvent. Nokre døme: 'samd' blir omsett til 'same' på engelsk; 'semje' blir til 'semje' på engelsk, 'Bett' på tysk, og 'lit' på fransk; 'bli verande' blir omsett til 'bleib auf der Veranda' på tysk, og 'reste sur le porche' på fransk – kort sagt, totalt ubrukeleg.

Info:

Den korrespondansen som Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar for Landssamanslutninga av nynorskkommunar, har hatt med kommunikasjonssjef i Google, Sondre Ronander (i tidsrommet 14. juni til 17. oktober 2024), viser at det frå norsk side er nødvendig med klare politiske vedtak, med økonomiske implikasjonar, som så blir oversende til **sentrale instansar i Google**.

Info:

I tillegg til problema med omsetjingsprogram på Google, har vi tilsvarande problem med **språkretting** på **Android-baserte mobiltelefonar**: berre bokmål, ikkje nynorsk – mens *IPhones* har både bokmål og nynorsk i sine retteprogram. På nettet blir det opplyst at *Android* er underlagt *Open Handset Alliance*, '*led by Google*'. Ettersom mobiltelefonar stadig spelar ei viktig rolle i skulekvardagen, bør ein derfor, på politisk hald, fatte vedtak for å redusere bruken av Android-baserte mobiltelefonar i skulesamanheng, med **klare tilrådingar** overfor involverte partar på norsk side, parallelt med offensive forhandlingar overfor Google og dei som er ansvarlege for retteprogrammet i Androide mobiltelefonar.

beste helsingar,

eller, som det heiter på mobilen, når det Androide retteprogrammet har gjort sitt:

beste Helsingør,

Gunnar Skirbekk

Professor emeritus,

Filosofisk institutt og Senter for vitskapsteori,

Universitetet i Bergen

<http://www.uib.no/personer/Gunnar.Skirbekk#>

<http://gunnarskirbekk.no/>

